

ÅRSMØTE SIRDAL BYGDEKVINNELAG, Tjørhom grønnehus, 21.10.16



Det møtte sju (7) personar på årsmøtet.

1. Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vart godkjent.

2. Ulike val til årsmøtet

- a) Val av møteleiar: Solveig Marie Ådneram
- b) Val av referent: Åse-Berit Fidjeland
- c) Val av eit medlem som saman med møteleiar skal underteikna protokollen: Anita Haugen

3. Handsaming og godkjenning av årsmelding

Sekretæren gjekk gjennom årsmeldinga, vedlegg 1, og årsmøtet godkjende ho.

Responsen var at styret er godt til å ha arrangement, at det er fint med opne arrangement innimellom og flott med positiv omtale i media. Spesielt er det blitt lagt merke til plantinga av blomar i rundkøyringa på Sinnen. Dessverre har det ikkje lukkast å få til linedancekurs, men studieleiaren har ikkje gitt opp endå.

4. Handsaming og godkjenning av rekneskap

Rekneskapen er ikkje revidert pga. for knapp tid etter eit PC-krasj, men tala stemmer sjølv om det er eit par summar som kanskje skulle vore førde på andre postar. Kasseraren minner om at ein bør føra på kva innkjøpet gjeld når ein får faktura.

Rekneskapen vart godkjend av årsmøtet, vedlegg 2, og vert send til revisor for godkjenning så fort som råd.

5. Vedta budsjett for komande år

Kasserar gjekk gjennom forslag til budsjett, og det vart vedteke.

6. Val av nytt styre

Forslaget frå valkomiteen vart godkjent ved akklamasjon, vedlegg 4, og nytt styre er:

- | | |
|------------------------|------------------|
| Åse-Berit Fidjeland: | Eitt år att |
| Anita Haugen: | Eitt år att |
| Helin Morel: | Eitt år att |
| Karine Tjørhom Myhra: | Ny (to år) |
| Solveig Marie Ådneram: | Attval (to år) |
| Gro Nilsen: | 1. vara - eit år |
| Sølvie Manneråk: | 2. vara - eit år |

Valkomit  - dei som g r ut av styret, er neste  rs valkomit :

Perny Hommeland Haugen

Wenche Svanes

Revisor: Anne Mette Hovland - attval for eitt  r

7. Handsaming av saker som styret legg fram

Solveig Marie helsar fr  Rogaland bygdekvinnelag, som legg merke til kva Sirdal bygdekvinnelag g r og synest me jobbar godt. Ho held fram med   fortelja fr  ** rsm tet i Noreg bygdekvinnelag**, der arbeidet i valkomiteen hadde vore noko ureglementert, men der nestleiaaren vart ny leiar og Unni Skadsem fr  RBK nytt sentralstyremedlem.

Årsmøtet i NBK vedtok å setja opp **kontingenten** med kr. 25,- i 2017 og 2018, slik at han vert kr. 550,- (+ kr. 125,- til fylkeslaget). Dette for å kunna hjelpe lokallaga meir med m.a. kurs og pressemeldingar. Det vert òg nye nettsider med ein lokallagsportal. Der kan det t.d. bli greitt å leggja ut referat og anna dokumentasjon. Hugs at om ein tek kontakt med kasseraren, får ein betalt attende kr. 100,- av kontingeneten frå lokallaget.

NBK har avvikla ordninga sentralt med **æresmedlem**, og lokallaget må betala kontingeneten for ev. æresmedlem, men NBK held fram med utdeling av hustavle og æresmedlemsnål.

24.-25. mars **2017** vert det **årsmøte i RBK** på Sirdal høyfjellshotell der Sirdal er medarrangør saman med Bjerkreim bygdekvinnelag. Sirdal BK ordnar lokale, pyntar/ordnar til, skaffar underhaldning og velkomstgåve.

8. Innkomne saker

Medlemstalet har gått litt ned. Bør me gjera ein innsats for å **verva nye medlemmar**? Tanken har vore å ha gode medlemsarrangement med høgare pris for ikkje-medlem enn medlem. Det kan òg vera lurt å minna på fordelane ved medlemskap, som fordelar og rabattar t.d. for teaterbillettar og gjennom Agrol-kort.

Leiaren tok opp at ein bør **fordela rollene i styret på årsmøtet**, i alle fall leiarrolla, for i år vart det vanskeleg å melda seg på haustkurset i Gdansk. Kven som skulle reisa på kurset, var avklara med sitjande styret, så ein må heller satsa på eit konstitueringsmøte kjapt etter årsmøtet. Uansett må ein sjekka vedtekten i dette spørsmålet. Det kan bli vanskeleg å få nye folk til styret om dei skal overta ei rolle òg, og det kan vera greitt å ha vore med eit år eller to før ein ynskjer å bli leiar.

Kurs og samlingar arrangert av RBK er hovudsakleg for styret, men andre lag legg ut **aktivitetar på facebook**, og det er ynskje om at SBK deler desse vidare på si facebookside.

9. Forslag til aktivitetar i 2016/2017

Bygda i bevegelse m/heftet *Turmat gjennom året* og Mosjon52 held fram ut 2016

Råvareaksjonen "Ville vekstar" held fram i 2017

Gjensidigestiftinga har gitt NBK støtte til arbeid med tradisjonsmat, m.a. bok og hefte *Frå naturens spiskammer*

- linedancekurs med bygdefest (saman med Bondelaget)
- peparkakebygd (saman med biblioteket)
- refleksnatursti på Lunde (m/Outdoor college og flyktningekonsulenten)
- basar
- persesylte
- glaskunst Stavanger glasblåseri
- keramikk - hus til telys
- pilkurs
- advent-/juledekorasjon (Elisabeth/Anne May)
- konsert- eller teatertur saman med blometur
- leikebyttedag/-kveld
- lefse-/flatbrød-/jordeplekakebaking (Husflidslaget v/Torill Visland)

25.10.16, Åse-Berit Fidjeland (referent)